

# Sak til samarbeidsutvalet

---

<b>Går til:</b>	Medlemene i samarbeidsutvalet
<b>Utval:</b>	Samarbeidsutvalet for Nordhordland
<b>Dato:</b>	15. mai 2020
<b>Sakshandsamar:</b>	Samarbeidssekretariatet (SSE)
<b>Saka gjeld:</b>	<a href="http://www.saman.no">www.saman.no</a> - ressursar til utvikling og oppdatering
<b>Saksnummer:</b>	21/20

---

## Bakgrunn

I februar 2019 slutta alle Samarbeidsutvala seg til at arbeid med å utvikle ei ny felles nettside for samarbeidet mellom kommunar og sjukehus i Helse Bergen sitt opptaksområde vart igangsett. Det var semje om at den nye felles nettsida skulle etablerast på plattformen for *Felles nettløysing for spesialisthelsetenesta*, og at ein framleis skulle nytta domenet [www.saman.no](http://www.saman.no). SSE fekk i oppdrag å utvikle den nye nettsida, i tillegg til å halda fram med å ha det redaksjonelle ansvaret.

I saka var det også vist til eit kostnadsestimat med etablering og drift av nettsida på anslagsvis kr. 100.000 for etableringa til Direktoratet for e-helse, og kr. 50.000 i årleg kostnad for drift/vedlikehald.

Samarbeidsutvala var samde om at kostnader til etablering og drift skulle fordelast etter gjeldande fordelingsnøkkel for [www.saman.no](http://www.saman.no). (50% fordelt på sjukehusa og 50% fordelt på kommunane etter folketal).

Den nye [www.saman.no](http://www.saman.no) er utvikla og publisert på ny plattform. SSE har med god hjelp og rettleiing frå kommunikasjonsavdelinga i Helse Bergen bygd opp og publisert innhald som vart prioritert/vurdert som mest nyttig å få på plass i startfasen. Bistand frå kommunikasjonsavdelinga i denne perioden var avgjerande for å få dette til.

SSE erfarer at ambisjonsnivå og forventingar til nettsida har endra seg etter at den kom over på ein ny og meir funksjonell plattform. Noko som også stiller større krav til innhaldet - både når det gjeld prioritering av kva som skal publiserast, at innhaldet til ei kvar tid er oppdatert og at kvaliteten er på høgde med innhaldet på andre samanliknbare nettsider.

## Utfordringar knytt til utvikling og publisering

SSE har fått det redaksjonelle ansvaret, og ønsker å ha dette, men ser at det med dagens løysing vert utfordrande å få til utan bistand frå kommunikasjonsavdelinga.

For å kunne publisere innhald på nettsida må ein nytta PC som er godkjent og sett opp av Helse Vest IKT, innanfor Helse Bergen sitt nett (sikker sone). Dette inneber at SSE-representantar frå kommunar og HDS ikkje har tilgang til nødvendig publiseringsverktøy frå sin daglege arbeidsstad.

Endringar/publisering kan berre gjerast av dei to representantane frå Helse Bergen eller når SSE sine møter er på Haukeland. SSE opplever dette som utfordrande.

Utfordringar er særleg knytt til:

- Vidareutvikling av nettsida og oppbygging av sidene
- Publisering av innhald i tråd med intensjonane med nettsida
- Å oppretthalda kompetanse og kontinuitet i publiseringsarbeidet
- At kvaliteten i innhaldet på sidene er på høgde med innhaldet på andre samanliknbare nettsider.

### SSE si vurdering

For å vidareutvikle og halde nettsida oppdatert er det viktig at SSE held fram med å ha det redaksjonelle ansvaret. Samtidig er det viktig og nødvendig med eit godt samarbeid med kommunikasjonsavdelinga i Helse Bergen. SSE ser eit behov for å formalisere dette samarbeidet, og ber partane vurdere om det kan setjast av midlar til frikjøp av ressurs i Helse Bergen si kommunikasjonsavdeling for å bistå SSE i arbeidet.

Det er særleg behov for bistand til vidareutvikling av nettsida og til å publisere innhald.

Anslagsvis 5 % stilling = 7,5 t/mnd. Oppgåver og behov kan avklarast med SSE innanfor desse rammene.

### Kostnadar med etablering og drift av [www.saman.no](http://www.saman.no)

For 2020 vert avtalte utgifter kr 83 160,-. (ref. sak om fordeling av kostnader februar2019)

<b>Etableringskostnad (eingongskostnad)</b>	Medgått	Estimat 2019
Etablering NHH	Kr 8 160,-	
Oppsett, flytting innhald, opplæring mm	Kr 25 000,-	
Sum:	<b>Kr 33 160,-</b>	<b>Kr. 100.000</b>

<b>Løypande årleg driftskostnad</b>		
Drift/vedlikehald plattform	<b>Kr 50 000,-</b>	<b>Kr 50 000,-</b>

I tillegg ønskjer SSE at det vert lagt til kostnader med frikjøp av ressurs som skal bistå SSE i arbeidet med felles nettside, tilsvarande 5% stilling f.o.m. 2020.

<b>Årleg kjøp av tenester frå komm.avd</b>	
5% stilling =7,5 time/mnd	<b>Kr 40 000,-</b>

### Med dette tillegget vert samla utgifter:

2020	Kr 123 160,-
2021 og vidare	Kr 90 000,-

### Framlegg til vedtak:

Samarbeidsutvalet for Nordhordland støttar SSE sitt forslag om å setja av midlar til frikjøp av ressurs som skal bistå SSE i arbeidet med felles nettside, og sluttar seg til at kostnader vert fordelt etter gjeldande fordelingsnøkkel.